


Folketals- elevtals- og førskulebarnprognose for kommunen, skulekrinsane og skulane i Bømlo kommune 2021- 2036



Oppdragsgjevar: Bømlo kommune
Oppdragsgjevar sin kontaktperson: Bjørn Håvard Bjørklund / Yngvar Brekke (innleidd)
Rådgjevar: Norconsult AS, Valkendorfsgate 6, NO-5012 Bergen
Oppdragsleiar: Dan Lysne
Fagansvarleg: Dan Lysne
Andre nøkkelpersonar: Terje Gregersen

1	2021-09-15	Folketals-, elevtals og førskulebarnprognosar for kommunen, skulekrinsane og skulane i Bømlo kommune	Dan Lysne	Dan Lysne	Terje Gregersen
Versjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavretsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Innhold

Føreord	4
1 Historisk utvikling i folketalet	5
2 Metode og føresetnader for prognosene	9
2.1 Føresetnader	9
3 Folketalsprognose (og samanlikningar med framskrivingar frå SSB)	12
3.1 Folketalsutvikling i kommunen	12
3.2 Aldersfordelinga i befolkninga (aldersgrupper i inntektssystemet)	13
3.3 Folketalsprognosar for skulekrinsane	19
4 Elevtalsprognose	21
4.1 Samla elevtalsprognose for alle skulane i kommunen	21
4.2 Bremnes ungdomsskule	22
4.3 Foldøy skule	22
4.4 Gilje skule	23
4.5 Hillestveit skule	23
4.6 Meling skule	24
4.7 Moster skule	24
4.8 Rubbestadneset skule	25
4.9 Svortland skule	25
4.10 Våge skule	26
5 Prognosetal for førskulebarn i skulekrinsane	27
5.1 Samla prognosetal for førskulebarn i heile kommunen	27
5.2 Foldøy skulekrins	28
5.3 Gilje skulekrins	28
5.4 Hillestveit skulekrins	29
5.5 Meling skulekrins	29
5.6 Moster skulekrins	30
5.7 Rubbestadneset skulekrins	30
5.8 Svortland skulekrins	31
5.9 Våge skulekrins	31
Vedlegg	32

Føreord

Norconsult har på oppdrag frå Bømlo kommune utarbeidd ein ny folketals-, elevtals- og førskulebarnprognose for heile kommunen, skulane og skulekrinsane for perioden 2021– 2036. Ein tilsvarende prognose for perioden 2009-2024 vart utarbeidd av Norconsult i 2009.

For å gjere dei rette prioriteringane for framtida i høve til dimensjonering av skular og barnehagar i kommunen («rett kapasitet på rett stad til rett tid»), er det naudsynt med gode anslag for langsiktig barne- og elevtalsutvikling for heile kommunen og dei einskilde skulekrinsane.

Prognosene er laga for alle aldersgrupper i befolkninga. Den kan difor og nyttast som grunnlag for andre delar av kommunen si verksemd, som t.d. planlegging og dimensjonering av tilbod innan helse- og omsorgssektoren, planlegging av fritidstilbod og overordna kommune- og økonomiplanarbeid. Norconsult voner prognosene vil kome til nytte.

Tala som er presentert for andre aldersgrupper enn skulealder i rapporten, følgjer aldersinndelinga i inntektsystemet til kommunen og kan nyttast inn i kommunen sitt årlege budsjettarbeid. Tabellar for andre aldersinndelingar og funksjonelle aldersgrupper, finn ein i vedlegget til rapporten.

Statistisk sentralbyrå (SSB) lagar annakvart år nye framskrivingar for folketalet i alle kommunar, men desse framskrivingane vert laga med kommune som minste geografiske nivå og tek ikkje omsyn til lokale skilnader innafor den regionen som kommunane ligg i, til dømes planlagt/venta bustadbygging og lokale politiske føringar som kan påverke folketalsutviklinga.

Dei siste framskrivingane frå SSB frå august 2020, er for landet sett under eitt og dei fleste kommunar ein god del lågare enn framskrivingane frå 2018. Årsaka til dette er lågare fødselstal og mindre innvandring til landet i dei siste to åra.

Folketalet i Bømlo kommune har samla auka med omlag 150 personar dei fire siste åra, sjølv om det har vore ein marginal nedgang i 2019 og 2020. I 2021 ser det igjen ut til å auke. Alle SSB sine framskrivingsalternativ legg til grunn ein nedgang i folketalet dei nærmaste åra, og det er berre det høge alternativet som syner auke lenger utover i perioden.

Om den mindre negative utviklinga dei siste to åra (samanlikna med SSB-framskrivingane) skuldast Korona-pandemien, kan vår prognose syne seg å ligge for høgt utover i perioden. I starten av perioden er det naturleg nok berre vår prognose som har fanga opp utviklinga det siste året og den vil difor «treffe» betre enn SSB-framskrivingane. Slik vi ser det har kommunen ei alderssamansetjing i fleire av skulekrinsane som gjer at vi har god tru på at vår prognose og vil «treffe» betre enn SSB sine framskrivingar utover i perioden.

Vår prognose, som legg mykje vekt på utviklinga dei siste 4 åra, ligg over SSB sitt høge alternativ gjennom heile perioden. Den har ein samla auke på om lag 450 innbyggjarar, som svarar til ein årleg vekst på 0,1-0,3%. Kommunen vil med det få eit innbyggjartal på 12.400 i 2036.

Det er dei eldre aldersgruppene som kan vente størst auke, medan det samla elevtalet i skulane truleg vil gå ein del ned i perioden.

Statistikar og seniorplanleggjar Dan Lysne har vore ansvarleg for utarbeiding av prognosene og rapporten, medan seniorrådgjevar Terje Gregersen har kvalitetssikra rapporten.


Kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett Bjørn Håvard Bjørklund og Yngvar Brekke (innleigd frå Manacon) har vore våre kontaktar i Bømlo kommune. Kommunen har mellom anna skaffa oss naudsynte historiske befolkningstal og tal på historisk bustadbygging frå SSB, opplysningar om gjeldande skulekrinsgrenser i kommunen, samt oppdaterte tal på elevar på skulane i skuleåret 2021/22. Kommunen har også kvalitetssikra våre forslag til venta bustadbygging i skulekrinsane i åra framover.

Bergen 15.09.2021, Dan Lysne (sign)


1 Historisk utvikling i folketalet

Figuren nedanfor syner utviklinga i folketalet i kommunen sidan 1980. Figuren syner at folketalet stort sett har auka jamt og trutt i heile perioden, frå 9.213 innbyggjarar i 1980 til 11.953 i 2021. Dei siste 7 åra har auken i folketalet flata ut. Auken var dobbelt så høg på 90-talet som i dei andre 10-års bokane. Berre i 7 av de siste 50 åra har folketalet i kommunen gått attende, men to av desse åra var i 2019 og 2020.

Den prosentvise auken i folketalet var størst i 1994 (+2,9%). Dei siste 7 åra har den årlege auken i folketalet i gjennomsnitt vore 0,25%, noko som berre svarar til ein årleg auke på litt under 30 personar.



Det er nettoinnflytting (talet på innflyttarar minus talet på utflytтарar) og fødselsoverskot (talet på fødde minus talet på døde) som er dei faktorane som påverkar utviklinga i folketalet frå år til år. Utviklinga i desse to faktorane i perioden 1980-2020 er synt i figuren nedanfor.



Av ein samla folketalsauke i kommunen på 2740 personar sidan 1980, er det fødselsoverskottet som har stått for heile 95% av auken. Nettoinnflyttinga i alle desse åra; 12875 innflyttingar og 12744


utflyttingar, har berre gjeve kommunen 131 nye innbyggjarar. I første halvår i 2021 har kommunen hatt positiv nettoinnflytting, slik det var i 2017 og 2018.

Alderssamansetninga i kommunen tyder på at fødselsoverskotet i kommunen vert gradvis mindre i åra framover. Auke i dei eldre aldersgruppene gjer at storleiken på overskotet vert mykje avhengig av utviklinga i fødselsrater og fruktbarheitstal. Dei seinare åra har fruktbarheitstala i Norge vore svært låge. Tala i Vestland fylke ligg litt over landet elles, men skilnadane er ikkje store.

At auke i nettoinnflytting til kommunen kan kompensere for lågare fødselsoverskot er kanskje ikkje så veldig sannsynleg på lang sikt, men den positive utviklinga dei siste åra og første halvår i 2021 kan gje håp for dei nærmaste åra. Det er lite som tilseier at kommunen vil få stor folketauske i åra framover, men i dei nærmaste åra er det likevel grunn til optimisme på kommunen sine vegner. Det store spørsmålet er særskilt knytt til når det år for år eventuelt vert meir permanent lågare folketal i kommunen. Om kommunen framstår som eit godt val for folk som ønskjer eller må flytte på seg, vil m.a. være avhengig av typefordeling og tal på attraktive bustader, kommunale tenester, andre tilbod i kommunen som til dømes jobbtilbod og fritidstilbod. Auke i innvandring kan også bidra til ei meir positiv utvikling.

I figuren nedanfor er befolkninga på Bømlo i januar 2021 fordelt i aldersgrupper og samanlikna med Vestland fylke og landet sett under eitt. Her ser vi at Bømlo har høgare befolkningsandelar enn landet i alle aldersgrupper mellom 0 og 19 år og i aldersgruppene fra 67 til 79 år, og lågare andel i aldersgrupper fra 20 til 66 år og om lag same andel i aldersgruppene over 80 år. Aldersfordelinga i heile Vestland fylke liknar meir på fordelinga i heile landet, enn på fordelinga på Bømlo.



Det er sjølv sagt naturleg at Bømlo har lågare andelar i dei aldersgruppene som tek utdanning, men for å kunne oppretthalde folketalet i åra framover vil det nok vere viktig å få tilbake mange av dei som er ferdig med utdanning og som planlegg å stifte familie. For å få det til må det m.a. finnast nok attraktive arbeidsplassar i kommunen eller i regionen.



Figurane på neste side syner befolkninga på Bømlo i dag og gjennomsnittlege befolkningsendringar dei siste 5 åra, fordelt etter eittårig alder. Den første figuren syner at dei årskulla som i dag går i grunnskulen (blå og lilla farge), ikkje skil seg vesentleg i storleik frå dei årskulla som nyleg har gått ut av grunnskulen,


men at dei er relativt mykje større enn årskulla til førskulebarna, og då særleg dei aller yngste. Dette vil kunne føre til nedgang i det samla elevtalet i kommunen dei komande åra.

Den andre figuren gjev håp om at situasjonen for kommunen ikkje er heilt «kritisk». Den syner at det har vore netto innflytting i alle aldersgrupper mellom 0-15 år og i mange aldersgrupper mellom 27 og 50 år dei siste 5 åra. Om vi summerer søylene for dei yngste i figuren, ser vi at eit gjennomsnitts årskull i denne perioden har auka med 16-17 barn frå året dei er fødd til dei startar på skulen, og med ytterlegare 15 barn før dei går ut av grunnskulen. Sjølv om fleire av dagens førskulekull er relativt små, er det difor håp om at det samla elevtalet i kommunen, ikkje vert redusert like mykje som fødselstala tilseier, fordi det kan forventast innflytting av barnefamiliar. Nedgang i elevtalet er nok truleg vanskeleg å unngå.




Samla oversyn over ferdige og igangsette bustader i Børmlø kommune for åra 2000-2020 er synt i figur på neste side. Bustadbygginga kan variere frå år til år utan at det er særskilte årsaker som ligg bak. Endringar over tid kan gjerne forklarast med auka eller endra etterspurnad etter bustader. Endringar i bustadbygginga treng ikkje skuldast endringar i sjølve folketalet, men kan og ha samanheng med endringar i alderssamansetninga i befolkninga og endring i etterspurnaden etter ulike bustadtyper.

Figuren syner at dei to siste åra både er ferdigstilte og igangsett arbeid på halvparten så mange bustader (47-48) som gjennomsnittet dei siste 12 åra (94-95 bustader). Det er grunn til å tru at dette har samanheng med utflatinga i folketalet dei siste åra.



Utviklinga i aldersgruppene i førskule- og grunnskulealder i Bømlo kommune i perioden 2000-2021 er synt i figuren nedanfor. Talet på barn i grunnskulealder har vore på same nivå i heile perioden, medan nedgangen i talet på førskulebarn dei siste åra kjem tydeleg fram i figuren. Berre dei siste 6 åra har det blitt 159 færre barn i denne aldersgruppa i kommunen, ein nedgang på 17%.

Som tidlegare nemnt kan det framleis ventast ei nettoinnflytting av førskulebarn fram mot skulealder, men dette vil truleg ikkje vere tilstrekkeleg til å unngå ein nedgang i talet på grunnskuleelevar i åra framover.



2 Metode og føresetnader for prognosen

Den nye folketalsprognosene og prognosene for førskulebarn og elevtal er utarbeida av Norconsult AS for Bømlo kommune i september 2021.

Sjølv om ein i arbeidet med prognosene har hatt størst fokus på utviklinga i barnetal og elevtal, kan prognosane og nyttast til planlegging av tenesteområde som, helse- og omsorgstenester, samt til overordna kommunal planlegging, budsjett og økonomiplan, mv.

Alle utrekningar og analysar er gjort i Norconsult sine eigenutvikla metodar og utrekningsmodellar for folketalsprognosar. Desse har vore brukt i kommunar over heile landet dei siste 25 åra.

Prognosene tek utgangspunkt i den registrerte befolkninga som er busett i kommunen sine grunnkrinsar 1. januar 2021 og elevtal på skulane ved starten av skuleåret 2021/22. Det er skulane sine opptaksområde (skulekrinsane) som er minste geografiske eining i rapporten.

Dei ulike skulekrinsane er sett saman av grunnkrinsar på følgjande måte:

Foldrøy: 306 Håvik (10%), 401 Folderøy og 402 Innvær (40%).

Gilje: 207 Ersland (60%), 503 Alvsvåg og 504 Gilje.

Hillestveit: 101 Espenvær, 102 Kallevåg, 103 Hovland, 104 Vorland og 105 Tjong.

Meling: 501 Hiskjo, 502 Mehus, 505 Meling, 506 Stavland og 508 Brekke (90%)

Moster: 301 Totland, 302 Grindheim, 303 Notland, 304 Mosterhamn, 305 Eikeland og 306 Håvik (90%).

Rubbestadn.: 402 Innvær (50%), 403 Rubbestadnes, 404 Solhøgda, 405 Stongarvåg, 406 Rolvsnes og 407 Aga.

Svortland: 402 Innvær (10%), 507 Svortland, 508 Brekke (10%), 509 Steinsbø, 510 Hollund, 511 Goddo og 512 Brandasund.

Våge: 201 Stokvik, 202 Hidle, 203 Lykling, 204 Vornes, 205 Sakseid, 206 Oldereid og 207 Ersland (40%).

2.1 Føresetnader

Folketalsprognosene er tufta på ei vidareføring av den nye kommunen sine aldersfordelte flyttemønster, fruktbarheit og dødelegheit i dei siste fire åra. Flyttestraumane er justert for venta bustadbygging.

Utgangspunkt og føresetnader for prognoseutrekningane kan oppsummerast slik:

- Folketalet i Bømlo kommune 1. januar 2021 (tal fra SSB på grunnkrinsnivå, fordelt til gjeldande skulekrinsar).
- Fruktbarheit og dødelegheit: som gjennomsnittet for dei siste 4 åra, men fruktbarheita for heile kommunen er stort slik at talet på fødslar ligg litt over SSB sitt høge framskrivingsalternativ i starten av perioden og litt under mot slutten av prognoseperioden. Våre høgare fødselstal er ein direkte konsekvens av at dei faktiske fødselstala i 2020 og 1. halvår 2021 har vore høgare enn det SSB såg føre seg i sine framskrivingar i 2020.
- Flytting: aldersfordelte flyttemønster inn i, ut av og internt i kommunen som i åra 2017-2020, er lagt til grunn for aldersfordelt flytting i åra framover. Ved å legge vekt på tal frå dei siste 4 åra kjem kommunen betre ut enn i framskrivingane til SSB, spesielt i starten av perioden.

- Omfanget av flytting er korrigert for eventuelle forventa endringar i bustadbygging i skulekrinsane, som er kommentert lenger nede.

Bustadbyggetala som det er tatt høgde for i prognosene er synt i tabellen nedenfor. Tabellen syner talet på nye bustadeiningar dei siste 5 åra og det som er lagt inn i utrekningane i prognoseperioden.

Tabell. Historiske og nye bustadeiningar som det er tatt høgde for i prognoseutrekningane

Skulekrinsar	Ferdigstilte bustader					Anslag for forventa nye bustader																Totalt 2021-2036	Snitt 2021-2035
	2017	2018	2019	2020	Snitt 2017-2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036		
Foldrey	0	3	0	1	1,0	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	16	1,0
Gilje	6	2	1	1	2,5	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	32	2,0
Hillestveit	1	0	2	1	1,0	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	16	1,0
Meling	13	17	7	2	9,8	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	160	10,0
Moster	11	20	5	8	11,0	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	160	10,0
Rubbestadneset	7	7	8	7	7,3	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	112	7,0
Svartland	35	22	33	9	24,8	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	400	25,0
Våge	3	2	6	4	3,8	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	64	4,0
Sum pr. år	76	73	62	33	61,0	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	960	60,0

Tala i tabellen er basert på ei vidareføring av bustadbygginga dei siste 4 åra. Kommunen har godkjent at desse tala kan nyttast som grunnlag for prognosen.

Samla sett er det lagt til grunn bygging av opp mot 1.000 bustadeiningar i heile perioden (i gjennomsnitt 60 nye bustader i året).

Det er venta flest nye bustader i Svartland skulekrins (400), men og ganske mange nye bustader i krinsane Meling (160), Moster (160) og Rubbestadneset (112). I følgje kommunen er det nokre potensielle prosjekt som kan påverke at tala på Meling og Moster kan bli høgare, men dei er førebels ikkje godkjent og det er usikkert om eller når dei eventuelt kjem.

Det er viktig å huske på at det er meir enn sjølvé bustadbygginga som spelar inn på folketalsvekst og elevtalsauke. Alderssamansettninga og flyttestraumar spelar ei stor rolle. I nokre områder vil generasjonsskifte påverke utviklinga. Sjølv om det er lagt til grunn god bustadbygging i alle skulekrinsane, syner prognosene at det er venta nedgang i folketalet i fleire av krinsane utover i perioden.

Bustadtype vil og påverke kven som vil busette seg og kva aldersgrupper ein kan forvente auke i. Nye bustader som er lagt til grunn i prognosene er ikkje venta å endre samansettninga av ulike bustadtyper i skulekrinsane i vesentleg grad. Krinsane er venta å få meir av dei same bustadtypane som dei har i dag.

Det er usikkert i kor stor grad, eller på kva måte, ei realisering av ny Bømlopakke vil påverke befolkningsutviklinga i prognoseperioden. Erfaringar frå andre kommunar syner at ein merkbar effekt av store samferdselstiltak først kjem etter at bompengane er nedbetalt. Slik vi vurderer det vil realisering av ny Bømlopakke truleg først gje ein eventuell positiv effekt på befolkningsutviklinga i kommunen etter at prognoseperioden er ferdig.

Tillegg for elevtalsprognosane:

- Klasseskipnad og elevtal i skuleåret 2021/22 pr. juni 2021 (Kjelde: Bømlo kommune).
- I dei fleste kommunar er det som oftast nokre elevar som går på andre skular i kommunen enn den skulen dei hører til. Dette er ikkje eit stort «problem» på Bømlo, men eventuelle mønster som går igjen er søkt vidareført i prognosene. Dette inneber t.d. at Svertland skule får nokre fleire elevar i prognosene enn det som er venta å bu i skulekrinsen.
- Det kan og vere elevar som av ulike grunnar går på ikkje kommunale skular eller skular i andre kommunar. Bømlo har ingen private skular eller friskular og avstanden til skular i andre kommunar tilseier at dette ikkje er vurdert å vere ei aktuell problemstilling på Bømlo.
- I prognosene er det tatt høgde for at elevar som allereie går på ein annan skule enn nærskulen, får halde fram på denne skulen til dei er ferdige med skulegangen.

Prognosene sine justeringar i høve til dei tre siste punkta over, gjer at talet for busette barn i skulealder i skulekrinsane ikkje alltid stemmer 100% med elevtala på skulane.

3 Folketalsprognose (og samanlikningar med framskrivingar frå SSB)

3.1 Folketalsutvikling i kommunen

Norconsultprognosene ligg over alle SSB sine framskrivingsalternativ frå 2020 i heile prognoseperioden. Alle SSB-framskrivingane syner nedgang i folketalet dei nærmaste åra og det er berre det høge alternativet til SSB som syner auke (frå 2025 og ut prognoseperioden).

Auken i Norconsultprognosene er tufta på ei vidareføring av utviklinga i folketalet dei siste 4 åra og i første halvår 2021. I denne perioden har kommunen samla sett både hatt positivt fødselsoverskot og positiv nettoinnflytting.

Veksten i Norconsultprognosene minkar litt, samanlikna med det høge SSB-alternativet utover i prognoseperioden, men sjølv mot slutten av prognoseperioden ligg Norconsultprognosene om lag 200 personar over det høge SSB-alternativet.

Tabellen nedanfor syner folketalsutviklinga i Norconsultprognosene:

Folketal i heile kommunen	Prognose----->																				(alder ved utgangen av åra)										
	pr 31.12	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036									
0 år	140	122	113	120	122	121	121	122	122	123	123	123	124	124	125	125	125	126	126	127	127	128	128	128							
1-2 år	281	277	272	248	245	258	254	256	257	258	255	257	261	261	261	261	261	264	264	268	266	266									
3-5 år	445	471	463	454	415	402	394	397	407	404	402	406	404	406	405	406	409	412	412	414	417	416									
6-12 år	1197	1213	1232	1205	1185	1180	1148	1117	1090	1075	1059	1025	1020	1004	1012	1019	1010	1017	1017	1017	1017	1024									
13-15 år	524	518	491	525	536	555	565	558	555	524	509	519	509	507	469	458	446	449	460	456	458										
16-19 år	710	710	722	716	682	655	662	706	698	735	731	706	699	669	672	659	659	639	598	599	585										
20-29 år	1442	1421	1394	1379	1392	1381	1381	1329	1327	1301	1303	1304	1299	1334	1314	1295	1277	1289	1289	1289	1288	1258									
30-39 år	1436	1466	1507	1479	1453	1470	1431	1449	1433	1441	1447	1436	1395	1365	1393	1378	1381	1336	1325	1300	1298										
40-49 år	1580	1558	1546	1573	1566	1541	1547	1544	1526	1526	1524	1557	1598	1570	1546	1562	1529	1540	1528	1536	1544										
50-59 år	1390	1434	1473	1466	1486	1522	1564	1600	1608	1591	1591	1574	1550	1587	1586	1552	1550	1549	1530	1526	1514										
60-66 år	947	940	928	915	912	929	906	891	933	968	977	997	1024	1044	1081	1092	1111	1111	1124	1107	1108										
67-69 år	410	411	399	397	416	399	401	383	387	359	381	392	403	389	367	395	421	456	450	454	454	454									
70-79 år	778	826	895	979	1034	1100	1146	1167	1176	1207	1203	1200	1174	1175	1189	1188	1173	1148	1204	1214	1232										
80 år og over	526	535	525	501	509	510	525	565	593	629	668	711	771	821	862	913	970	1009	1034	1073	1113										
sum	11806	11902	11960	11957	11953	12023	12045	12084	12112	12141	12173	12208	12231	12256	12283	12307	12326	12346	12364	12383	12398										
årlig endring:	96	58	-3	-4		70	22	39	28	29	32	35	23	25	27	24	19	20	18	19	15										

Tabellen syner at folketalet i Bømlo kommune kan ventast å auke frå **11.953** personar ved årsskiftet 2020/21 til om lag **12.400** personar ved årsskiftet 2036/37.


Det er venta gradvis aukande folketal i heile perioden. Litt lågare auke mot slutten av perioden, skuldast lågare/negativt fødselsoverskot etter kvart som eldrebølgja slår inn.

Det er sjølv sagt grunn til å tru at folketalet ikkje vil auke alle år i perioden. Men trenden, slik vi ser det, vil kunne gje meir auke enn nedgang samla sett i perioden.

Den forventa årlege endringa i folketalet i prognosen ligg i gjennomsnitt på +0,2% i heile perioden.

Kommunen må ta høgde for at det er relativt små endringar som skal til før, prognosene kan slå feil ut. Eldrebølgja vil etter kvart gje negativt fødselsoverskot, men det som er meir usikkert er om eit positivt flytteoverskot kan kompensere for dette. Det vil mellom anna avhenge av kor attraktiv kommunen framstår, for dei som er på flyttfot. Bygging av nye bustader i kommunen kan verte avgjerande. Det vil og vere spanande å sjå om dei etter kvart mange bustadane til eldre som fell frå, eller som flyttar til mindre bustader og sjukeheimar, vert bustader for nye unge fastbuande familiar, fritidsbustader eller blir ståande tomme.

Figuren på neste side syner Norconsult-prognosene samanlikna med tre framskrivingsalternativ frå SSB frå august 2020 (høgt alternativ, hovudalternativ og lågt alternativ).



3.2 Aldersfordelinga i befolkninga (aldersgrupper i inntektssystemet)

Tabellen nedanfor syner utviklinga i Norconsult sin prognose for dei ulike aldersgruppene i inntektssystemet til kommunane. Som tabellen syner, kan det ventast stor auke i dei eldste aldersgruppene, medan aldersgruppa 6-15 år (grunnskulealder) er den aldersgruppa som går mest ned.

Folketal i heile kommunen	Prognose → (alder ved utgangen av åra)																				
	pr 31.12	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0-1 år	263	268	240	237	249	248	246	249	249	251	247	253	254	253	256	256	256	258	258	262	258
2-5 år	603	602	608	585	533	533	523	526	537	534	533	534	535	538	536	540	543	545	547	551	552
6-15 år	1721	1731	1723	1730	1721	1735	1713	1675	1645	1599	1568	1544	1529	1511	1481	1477	1456	1466	1477	1473	1482
16-22 år	1174	1184	1196	1182	1135	1126	1143	1148	1134	1145	1177	1164	1174	1154	1140	1126	1095	1064	1033	1027	1010
23-66 år	6331	6345	6374	6346	6356	6372	6348	6371	6391	6417	6396	6410	6391	6415	6452	6412	6412	6400	6361	6329	6297
67-79 år	1188	1237	1294	1376	1450	1499	1547	1550	1563	1566	1584	1592	1577	1564	1556	1583	1594	1604	1654	1668	1686
80-89 år	382	387	380	360	368	360	382	427	445	486	526	565	625	677	712	762	797	821	831	856	866
90 år og over	144	148	145	141	141	150	143	138	148	143	142	146	146	144	150	151	173	188	203	217	247
sum	11806	11902	11960	11957	11953	12023	12045	12084	12112	12141	12173	12208	12231	12256	12283	12307	12326	12346	12364	12383	12398
årleg endring:		96	58	-3	-4	70	22	39	28	29	32	35	23	25	27	24	19	20	18	19	15

På dei neste sidene er den prognostiserte utviklinga omtalt og synt for dei ulike aldersgruppene i tabellen. Her finn ein og aldersvise samanlikningar med framskrivingane til SSB.


0-5 år: Aldersgruppa med førskulebarn i kommunen er redusert med 84 barn (- 9,7%) dei siste 4 åra. Dette skuldast i hovudsak lågare fødselstal, men også litt mindre innflytting av familiær med små barn. Det er ikkje venta store endringar i aldersgruppa i prognoseperioden. Det kan ventast litt nedgang dei første åra, men auke igjen i siste del.

Aldersgruppa er den einaste som etter kvart berre inneheld personar som ikkje allereie er født. Usikkerheita i tala er difor større i denne aldersgruppa enn i dei andre aldersgruppene og store skilnader i fødselstal frå år til år vil påverke utviklinga

Prognosene syner ein samla **auke på om lag 30 barn i gruppa 0-5** år gjennom heile prognoseperioden, frå 782 i 2020 til 810 i 2036 (+ 3,6%). Det er auke i fødselstal som truleg vil vere årsaka til auken.

Figuren nedanfor syner at Norconsultprognosene ligg over alle alternativa til SSB gjennom heile prognoseperioden. Først i 2036 ligg det høge alternativet til SSB rett over vår prognose.

For meir detaljar om venta utvikling i dei einskilde skulekretsane: sjå kap. 5 der prognosane for førskulebarn i dei einskilde skulekrinsane er synt.




6-15 år:

Talet på busette barn i grunnskulealder har ikkje endra seg dei siste 4 åra. I åra framover er det, på grunn av mindre årskull, venta ein relativt stor nedgang i denne aldersgruppa. Nedgangen ser ut til å verte stort i første del av perioden. Først heilt mot slutten av prognoseperioden ser tala ut til å auke noko.

Samla sett er det venta ein **nedgang på om lag 240 barn i grunnskulealder** i prognoseperioden, frå om lag 1.720 barn i 2020 til rundt rekna 1.480 barn i 2036 (- 13,9%). For meir detaljar om kor nedgangen truleg kjem og kor det er venta auke: sjå kap. 4 der elevtalsprognosane er synt.

Figuren på neste side syner at Norconsult-prognosene for denne aldersgruppa, ligg over alle framskrivingsalternativa til SSB gjennom heile perioden. Dei ulike framskrivingane til SSB syner mellom 1050 og 1400 barn i aldersgruppa i 2036. Om SSB sitt låge alternativ slår til, vil det kunne gje dramatiske konsekvensar for skulesektoren i kommunen.




16-22 år:

Denne aldersgruppa har gått ned med 39 personar samla sett (- 3,3%) dei siste 4 åra. I 2020, som var eit spesielt år, gjekk talet på personar i aldersgruppa mindre ned enn i alle SSB sine framskrivingar. Dette gjer at utgangspunktet for Norconsult sin prognose er nærmare røynda enn for framskrivingane til SSB (sjå figur).

Det er venta ei relativt stabil utvikling i aldersgruppa i første del av prognoseperioden, og ein stor nedgang i siste del av perioden. I 2036 er det venta vel 1.010 personar i aldersgruppa, som er ein nedgang på 125 personar (- 11,0%) gjennom heile perioden.

Figuren nedanfor syner at Norconsult-prognosen for denne aldersgruppa ligg over alle framskrivingsalternativa til SSB i heile prognoseperioden, men utviklingsprofilen er mykje den same i alle alternativa.

Korona-pandemien kan ha påverka flyttemønsteret i denne aldersgruppa særskilt og «rota-til» utrekningane i modellen. For ein kommune utan tilbod om høgare utdanning og delvis manglende fagtilbod i vidaregåande opplæring, vil det truleg ikkje vere så avgjerande om talet på personar i denne aldersgruppa er høgt, men snarare å få dei ferdigutdanna ungdomane og unge vaksne attende til Bømlo. Ungdomane kjem der det er spanande arbeidsplassar – og særleg viktig er det å skape attraktive arbeidsplassar for kvinnene. Då kjem gutane og.




23-66 år:

Dette er ei stor aldersgruppe som inneholder mange ulike alderskategoriar med ulike behov, men som samla står for det meste av personskatteinntektene til kommunen. (Oppdeling i mindre aldersgrupper finn ein i tabellvedlegget).

Aldersgruppa auka med 25 personar (+ 0,4%) dei siste 4 åra. I åra framover er det venta at aldersgruppa vil gå litt opp og ned år om anna, men eigentleg halde seg ganske stabil over tid. Mot slutten av prognoseperioden er det venta at gruppa vert litt mindre enn i dag. I 2036 er det venta om lag 6.300 personar i aldersgruppa, som er om lag 60 færre personar enn i 2020 (- 0,9%).

Som figuren syner ligg Norconsultprognosen også her over alle framskrivingane til SSB i heile prognoseperioden og endar opp om lag 100 personar over det høge alternativet til SSB.



Aldersgruppene 67 år og over


Dei eldste aldersgruppene er dei aldersgruppene som kan forventast å få størst auke i prognoseperioden. Forklaringa på dette finn ein i storleiken på årskulla som er på veg inn i pensjonsalder. Dei årskulla som er på veg inn i pensjonsalderen no, er med få unntak større enn dei som allereie har nådd denne alderen i dag – og dette vil halde fram i mange år utover. Bygging og tilrettelegging av bustader for desse aldersgruppene og eventuelle endringar i flyttemønster og bupreferansar (i heile regionen) vil og ha sitt å seie for utviklinga i dei einskilde kommunane.

I 2020 er det 1.959 personar i kommunen som er 67 år eller meir. I 2036 er det venta rundt 2.800 personar i denne aldersgruppa. Dette tilsvrar ein auke på heile 42,9%. Andelen personar 67 år og over i Bømlo kommune ser dei neste 16 åra ut til å kunne auke frå 16,4% i dag til 22,6% i 2036. Dette er likevel ein litt mindre auke enn mange andre kommunar vil oppleve sidan Bømlo kommune ikkje har ei aldersfordeling med så få barn og unge som ganske mange andre kommunar i landet allereie opplever.

Auken i dei siste åra har vore i den yngre delen av dei eldste gruppene (under 80 år), men i åra framover vil dei aller eldste aldersgruppene (80 år og over) få den klart største auken. Den eldste gruppa er den som har størst trøng for pleie, og ei slik utvikling vil gje kommunen store utfordringar innafor pleie- og omsorgssektoren utover i perioden. Den forventa utviklinga kan oppsummerast slik:

67-79 år: Talet i denne aldersgruppa har auka med 262 personar dei siste 4 åra, men auken kan ventast å fortsette med **ytterlegare knapt 250 personar fram mot 2036**. Dette svarar til ein akkumulert auke på 16,3% i prognoseperioden. Ved utgangen av 2036 kan det forventast i underkant av 1.700 personar i denne aldersgruppa, medan det er 1.450 i den same aldersgruppa i 2020.

I denne aldersgruppa er det i dag relativt lite flytteaktivitet over kommunegrensene. Dei ulike prognosane er difor meir like enn for yngre aldersgrupper. Norconsultprognosene liknar til forveksling på SSB sitt høge alternativ utover i perioden, men i starten ser vi også her at SSB har bomma litt på utviklinga det første året i sine framskrivingar.




80 år og over: Denne aldersgruppa har vorte redusert med knapt 20 personar (- 3,2%) dei siste 4 åra, men kan no forventast å auke svært mykje gjennom heile prognoseperioden. Det kan ventast ein **auke på meir enn 600 personar (+ 118,7%) frå 2020 til 2036.** I 2036 vil det truleg vere om lag 1.110 personar i aldersgruppa, medan den same aldersgruppa berre utgjorde om lag 510 personar i 2020.

Blant dei aller eldste er det aldersgruppa mellom 80-89 år som er venta å auke mest; med om lag 500 personar (+ 135,3%) i perioden, medan aldersgruppa over 90 år er venta å auke med om lag 100 personar (+ 118,7%).

Aldersgruppene over 80 år har lita flytteaktivitet over kommune-grensene. Dei ulike prognosane er difor ganske like dei nærmaste åra, men skil seg litt meir enn aldersgruppa under utover i prognoseperioden. Norconsultprognosene ligg her om lag likt med SSB sitt hovudalternativ utover i prognoseperioden.

Det er verdt å merke seg at den prosentvise årlege auken i aldersgruppa 90 år og over, er større enn i aldersgruppa 80-89 år heilt mot slutten av prognoseperioden, men dei absolute tala er sjølv sagt mindre.

Om ein studerer tala dei siste to åra syner dei ein litt større auke enn alle framskrivingane frå SSB. Dette kan vere ein indikasjon på nye flyttetrendar for aldersgruppa 80+ (at fleire flyttar heim til Bømlo når dei kjem opp i alder) og at alle prognosane som er synt i figuren kanskje kan vise seg å vere litt for låge?



3.3 Folketalsprognosar for skulekrinsane

Figurane i dette kapittelet syner venta utvikling i folketalet i dei ulike skulekrinsane i kommunen. Det er ein figur for dei fire mest folkerike krinsane og ein figur for dei fire minst folkerike krinsane.

Det er venta størst absolutt auke i folketalet i den allereie mest folkerike skulekrinsen; Svortland, med 560 personar (+19,5%). Svortland vil i følgje prognosen ha 3.430 busette personar i 2036 og framleis vere den klart største skulekrinsen i kommunen.

Det er og venta stor auke i Meling skulekrins med +320 personar (+ 20,3 %) og Rubbestadneset skulekrins med + 200 personar (+11,2%). Meling er den skulekrinsen i kommunen som har «best» aldersfordeling med tanke på folketalsvekst, med mange barn, bra med unge vaksne og ikkje for mange eldre.


Den nest folkerikaste skulekrinsen i 2020 (Moster), kan vente nedgang på 170 personar (- 7,8%). Med ei slik utvikling vil Rubbestadneset overta som den nest folkerikaste krinsen heilt mot slutten av perioden. Meling vil også nærme seg storleiken til dei to andre om prognosene slår til.

Dei 4 minste skulekrinsane kan alle vente seg nedgang i folketalet.


Hillestveit skulekrins, som er den største av dei små, kan vente størst nedgang med -200 personar (- 18,6%). Gilje skulekrins kan og vente stor nedgang med -150 personar (- 17,5%). Hillestveit er den skulekrinsen i kommunen med dårlegast aldersfordeling i høve til folketalsvekst, med få unge vaksne og svært mange eldre.

Skulekrinsane Våge og Foldrøy ser ut til å kunne få litt mindre nedgang enn dei to andre, med høvesvis -60 personar (- 7,1 %) og -50 personar (- 7,7%).

Avslutningsvis er det grunn til å minne om bustadbygginga som er lagt til grunn for utrekningane. Med mindre eller fleire nye bustader i dei ulike krinsane, kan folketalsutviklinga verte annleis. Tala vil og vere meir usikre jo mindre krinsane er.



Folketalsprognose for skulekrinsar i Bømlo kommune 2021-2036 (2/2)
(tal pr. 31.12)




Alle tala i figurane over, og aldersfordelte befolkningstal for skulekrinsane, finn ein i tabellvedlegget.

4 Elevtalsprognose

I dette kapittelet er elevtalsprognosane for alle skulane i kommunen synt i figurar samla og kvar for seg. Føresetnader for prognosen er omtala i kap. 2.1.

Tala i figurane finn ein og i tabellvedlegget til slutt i rapporten.

4.1 Samla elevtalsprognose for alle skulane i kommunen




Det samla elevtalet på skulane i kommunen er blitt redusert med om lag 20 elevar dei siste 4 åra. Figuren syner ein liten auke i inneverande skuleår 2021/22, men deretter ein stor nedgang på om lag 270 elevar fram mot skuleåret 2032/33. I siste del av prognoseperioden ser det igjen ut til å verte ein liten oppgang på 25 elevar. I åra frå skuleåret 2017/18 til 2036/37 ser det ut til at det samla elevtalet vert redusert med om lag 260 elevar eller nær 15%.


Forklaringa til nedgangen er at dei årskulla som går på dei lågaste klassetrinna i dag, og ikkje minst dei fleste årskulla som startar i skulen i åra framover, jamt over er mindre enn dei årskulla som er på veg ut av grunnskulen dei nærmaste åra.

I dei åra elevane går i grunnskulen ser storleiken på dei einskilde årskulla ut til å halde seg relativt godt, og i prognosene er det og lagt inn ein liten auke utan at dette vil påverke elevtalsutviklinga i særleg grad.


4.2 Bremnes ungdomsskule




4.3 Foldrøy skule




4.4 Gilje skule




4.5 Hillestveit skule




4.6 Meling skule




4.7 Moster skule




4.8 Rubbestadneset skule



4.9 Svortland skule




4.10 Våge skule



5 Prognosetal for førskulebarn i skulekrinsane


I dette kapittelet finn ein prognosar for talet på førskulebarn i kommunen og skulekrinsane. Føresetnader er omtala i kap. 2.1. Tala i figurane finn ein og i tabellvedlegget til slutt i rapporten.

5.1 Samla prognosetal for førskulebarn i heile kommunen




Det er på sin plass å nemne at dei reelle barnetala i prognoseperioden heilt sikkert vil variere mykje meir enn figuren over syner. Utrekningane i prognosene byggjer på ei jamn utvikling i fødselstala og dei same flyttetrendane og bustadbygginga i kommunen i heile prognoseperioden.


5.2 Foldrøy skulekrins




5.3 Gilje skulekrins




5.4 Hillestveit skulekrins




5.5 Meling skulekrins




5.6 Moster skulekrins




5.7 Rubbestadneset skulekrins



5.8 Svartland skulekrins



5.9 Våge skulekrins



forts.:

pr 31.12	Prognose----->																			
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0 år	11	12	11	11	11	11	11	11	11	11	11	11	11	11	10	10	10	10	10	10
1-2 år	18	16	21	23	25	26	23	23	23	24	22	21	22	23	22	22	22	22	21	21
3-5 år	35	35	31	29	32	35	39	37	38	35	35	36	35	34	34	35	35	34	34	33
6-12 år	90	76	77	78	80	81	81	78	80	83	81	80	81	82	81	82	78	78	77	76
13-15 år	43	44	40	40	33	33	26	32	33	34	31	33	31	28	28	30	33	31	33	29
16-19 år	49	54	56	58	53	50	54	48	38	39	39	37	40	44	39	38	38	36	34	40
20-29 år	113	98	80	89	109	104	102	99	98	87	87	83	82	74	71	69	68	64	57	56
30-39 år	102	96	102	98	93	96	92	101	102	106	105	105	94	100	105	100	98	96	94	83
40-49 år	127	124	118	118	119	112	102	97	93	92	94	94	102	97	89	92	91	96	99	102
50-59 år	111	117	115	117	119	120	127	128	125	124	119	116	110	110	111	107	94	89	87	86
60-66 år	89	84	77	73	74	76	71	74	80	82	86	84	86	84	87	85	92	88	88	91
67-69 år	38	37	37	33	40	31	39	31	29	19	21	29	30	33	29	33	33	34	33	31
70-79 år	68	73	78	83	84	95	95	100	103	110	106	100	94	88	93	86	87	85	90	88
80 år og over	25	29	30	29	28	30	35	36	37	41	46	52	60	66	70	79	83	91	90	98
sum	919	895	873	879	900	900	897	895	890	887	883	881	878	874	870	868	862	854	848	843
årlig endring:	-24	-22	6	21		0	-3	-2	-5	-3	-4	-2	-3	-4	-4	-2	-6	-8	-6	-5
																			-7	

forts.:

Nedlagte skular:**Elevtal Espvær skule**

	16/17	17/18	18/19	19/20
1. årstrinn	2	0	0	1
2. årstrinn	0	3	0	0
3. årstrinn	0	0	3	0
4. årstrinn	4	1	0	3
5. årstrinn	1	4	1	0
6. årstrinn	1	0	4	1
7. årstrinn	1	1	0	2
sum 1-7	9	9	8	7

Elevane vart overført til Hillestveit skule før skuleåret 2020/21

